



## Statens vegvesen

Austrheim kommune  
5943 AUSTRHEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2012/057801-005

Dykkar referanse:  
14/685

Vår dato:  
08.08.2014

### Uttale - Austrheim kommune. Detaljreguleringsplan for næringsområde N05 Leirvågkrysset, PlanId 2005006, til 2. gongs offentleg ettersyn.

Vi viser til dykkar brev dagsett 24. juni 2014 med uttalefrist 17. august 2014.

Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for næringsbygningar, samt å utbetre naudsynt infrastruktur i planområdet. Tilkomst til planområdet er planlagt frå fv 57. Statens vegvesen har uttalt seg fleire gonger til planen, seinast i brev dagsett 12. desember 2012.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanen med bakgrunn i rollene som

- vegadministrasjon for fylkeskommunen
- statleg fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

#### Føresegner

Når det gjeld § 4 Infrastruktur i føresegnene har vi nokre merknader:

- Frisiktsoner skal omtalast som omsynssone i føresegnene til planen, jamfør plan- og bygningslova § 12-6. Vi rår til følgjande føresegn: «I frisiktsoner skal det ikkje vere vegetasjon eller andre innretningar som hindrar fri sikt i samsvar med vegnormalane»
- Føresegnene og plankartet bør samsvare når det gjeld svingradius i krysset mellom Veg 1 og Fv 57.

Vi er nøgd med rekkefølgjekrava i § 5 når det gjeld etablering av rundkjøring og gang- og sykkelveggar i planen. Tilsvarande rekkefølgjekrav må stillast til etablering av krysset mellom veg 1 og fv 57.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

**Byggegrenser**

Vi gjer merksam på at dersom ikkje byggegrensa til fylkesvegen vert vist i område I2, vil veglova sine reglar for byggegrense på 50 meter gjelde i dette området.

**Gang- og sykkelveg**

Vi er nøgd med at det er lagt inn gang- og sykkelveg langs heile fylkesvegstrekingane. Kryssingspunktta med vegane ikkje er utforma etter håndbøkene:

*Kryssing over Veg 1*

Gang- og sykkelvegen skal trekkast 5 meter inn frå primærvegen, for å hindre at bilar blokkerer kryssingspunktet for gåande/syklende og for å betre trafikkavviklinga, jamfør figur 4.11 i Sykkelhåndboka V122<sup>1</sup>. Gang- og sykkelveg bør ha horisontalkurveradiar over 40 meter.

*Kryssing ved rundkjøring*

Kryssingspunktet ved rundkjøringa skal trekkjast nærare sirkulasjonsarealet i samsvar med kapittel E.1.2.7 og figur E.14 i håndbok N100 Veg- og gateutforming.

**Busslomme og kryss til Kaland**

Statens vegvesen har ved ein inkurie oversett utforming av busslomme, gang- og sykkelveg og kryss til Kaland (området heilt sør i planen) ved tidlegare uttaler. Vi rår sterkt til at planområdet vert utvida noko, slik at ein får regulert ei best mogleg løysing i dette punktet.

- busslommene på begge sider av vegen bør utformast i samsvar med kapittel E.3.3.2 i håndbok N100
- kryss til Kaland bør strammast opp og ha ein svingradius på 12 meter.
- det må vere gang- og sykkelveg på begge sider av fylkesvegen ved kryssingspunktet for mjuke trafikantar. Vi gjer merksam på at gangfelt ikkje skal teiknast inn i ein reguleringsplan, då etablering av gangfelt vert vurdert i ein eigen prosess.

Vi vil ettersende ei skisse i løpet av veke 34 som vil syne framlegg til løysing.

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tek omsyn til merknadane våre.

Plan og forvaltning - Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Anne Marta Espelund  
Anne Marta Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no  
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no

<sup>1</sup> Statens vegvesens håndbøker har fått nytt nummereringssystem fra 1. juni 2014. Dei kan lastast ned frå <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>